



MØTEBOK

Stadfesting av kommunedelplan for avløp og vassmiljø

Utval sak	Utval	Møtedato
49/20	Utval for plan og miljø	08.09.2020
56/20	Kommunestyret	30.09.2020

Vedlegg

- 1 Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030 Fitjar kommune.pdf
- 2 KDP Avløp og vassmiljø Vedlegg A.pdf
- 3 KDP Avløp og vassmiljø Vedlegg B.pdf

Bakgrunn:

Fitjar kommune har revidert kommunedelplan for vassforsyning og kommunedelplan for avløp og vassmiljø. Utval for plan og miljø skal i denne saka ta stilling om kommunedelplan for avløp og vassmiljø kan godkjennast slik den ligg føre.

Oppstart av planarbeid for kommunedelplan vassforsyning, avløp og vassmiljø vart vedteke av Utval for plan og miljø i Fitjar den 01.02.2018. Planprogrammet vart etter høyringsrunde vedteke den 02.04.2019.

Det er utarbeida to plandokument for dei to sektorane vassforsyning og avløp, men i ein felles planprosess. Kommunedelplanane var på høyring frå 04.05.2020-15.06.2020.

Vurdering:

Hovudplan for vassforsyning 1995-2010 og hovudplan for avløp 1997-2010 for Fitjar kommune er rullert. Det er laga to nye kommunedelplanar, ein plan for vassforsyning og ein plan for avløp og vassmiljø. Begge planane har tidshorisont 2020-2030. Planane er arbeida fram ved ei administrativ arbeidsgruppe i kommunen. Arbeidsgruppa består av følgjande representantar:

- Randi Habbestad, Teknisk sjef
- Olaug Haugen, Rådmann
- Bård Inge Sørfonn, Utval for plan og miljø
- Tore Nesbø, Brann- og driftssjef
- Nils-Inge Rimbereid, Utestasjonen
- Karl-Magne Engesund, Utestasjonen
- Kari Bjørndal, Stord-Fitjar Landbruks- og Miljøkontor
- Øystein Sørli, Plan og utvikling
- Solveig Alsaker, Plan og utvikling

Norconsult har vart plankonsulent for arbeidet og har gitt Fitjar kommune fagleg og administrativ bistand undervegs i prosessen.

Hovudmålet med kommunedelplan for vassforsyning er å sikra at alle abonnentane i Fitjar kommune til ei kvar tid skal ha tilgang til nok vatn med godkjent drikkevasskvalitet.

Hovudmålet med kommunedelplan for avløp og vassmiljø er at avløpsvatn skal handterast på ein slik måte at vassmiljøet i resipientane ikkje vert forringa.

Kommunedelplanane er overordna planar som angir korleis Fitjar kommune skal sikre ein berekraftig infrastruktur for vassforsyning og avløp som er tilpassa den forventa utviklinga i kommunen, og som oppfyller krav i lover og forskrifter. Planen er Fitjar kommune sin styringsreiskap for tiltak som skal gjennomførast i planperioden fram til 2030.

Det er komen inn seks innspel til kommunedelplanen for avløp og vassmiljø, etter at den har vore på offentleg ettersyn. Desse er gjengjeven i KDP Avløp og vassmiljø Vedlegg B, saman med kommentar til korleis innspela er teken omsyn til i planarbeidet.

Framlegg til vedtak:

Utval for plan og miljø rår Fitjar kommunestyre til å gjera slikt vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at og *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Utval for plan og miljø - 08.09.2020:

Rådmannen orienterte om saka i møtet.

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Behandling i Kommunestyret - 30.09.2020:

Kommunestyret drøfta saka.

Representanten Jo Kjetil Strand (H) la føre følgjande forslag om utsetjing: Ber om at det vert jobba fram løysingar som ikkje bidrar til så dramatiske aukingar i gebyret. Forslaget fekk 3 røyster (H), og fall.

Vedtak: (14 røyster mot 3 røyster (H))

Fitjar kommunestyre vedtek i samsvar med §§ 11-14 i plan- og bygningslova at *Kommunedelplan for avløp og vassmiljø 2020-2030* blir godkjent slik den ligg føre.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.